

HØYRINGSINNSPEL

Sak	Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Høyringsinstans (svarar)	Avdeling for Lærarutdanning og kulturfag (ALK) ved Høgskulen Stord/Haugesund.
Ev. prosess bak høyringsinnspelet	Prosess: Avdelingsmøte ved ALK, samt skriftleg innspel frå fagseksjonane Kroppsøving, Pedagogikk, RLE og Engelsk.
Innspel Bruk fleire sider om det trengs	
Kap 2	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
	Me oppfattar premissane og inngangen som meiningsfull, men me ser ikkje korleis det som vert omtala som «verdfulle trekk ved dagens institusjonar» vert lagt vekt på seinare i rapporten. Dette kjem me attende til.
Kap 3	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
	<p>Profesjonsorienteringa ser for oss ut til å vera best med omsyn til å nå HVL sine mål. Men det føreset at ein på nivå 3/4 får til ei organisering som også får med seg det fruktbare arbeidet som føregår internt på fagseksjonane i profesjonsutdanningane. Dersom ein ikkje tek innover seg dette vil ein miste viktige kvalitetar når ein går over til HVL. Det må vera ein god balanse mellom kopling til utdanning og fag.</p> <p>Fordeler med å organisere fakulteta etter profesjonsprinsippet er og at det legg til rette for å bli eit profesjonsuniversitet som er ein ambisjon om ikkje så mange år.</p> <p>Me meiner at det er mest hensiktsmessig at HVL vert organisert med tre fakultet. Disiplinfaga kan verte godt ivaretekne med ein modell med tre fakultet dersom dei vert organisert i eit institutt der det vert lagt opp til tilstrekkeleg autonomi. Men om det ikkje kjem makt og mynde på instituttnivå så kan det vera at det er tenleg med 4 fakultet.</p>
Kap 4	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov
	<p>I forhold til prinsippa for nivå tre vil me gje følgjande tilråding:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utsett vedtak for leiing av nivå 3 til det er gjort et utgreiingsarbeid der nivå 3 og 4 blir sett under eitt. Denne rapporten gjev ikkje grunnlag for eit

	<p>informert styrevedtak for prinsipp for leiing på nivå 3. Ein må vite kva for nokre konsekvensar desse prinsippa får for nivå 4 før ein gjer eit vedtak.</p> <ul style="list-style-type: none">• Utgreiingsarbeidet bør ta utgangspunkt i «verdifulle trekk ved dagens institusjoner» (s.5) som ein evt. vil ta med seg inn i HVL.• Ein må vere open for at ulike institutt (e.l.) kan ha behov for ulik organisering på nivå 3 og 4. Enten for å få med seg verdifulle trekk eller grunna andre særtrekk som f.eks. behov for å samordne fleire ulike profesjonsutdanningar e.l. Dersom dette totalt sett verker fornuftig så må dette vere viktigare enn prinsippa skissert for nivå 3. <p>Grunngjevinga til desse tilrådingane er:</p> <p>Høyringsrapporten gjev ein god og grundig analyse av overordna struktur ut frå eit leiingsperspektiv og ein overordna fagleg profil. Me meiner likevel at høyringsforslaget er mangelfullt på nivået som skildrar fagleg organisering inn mot profesjonsutdanningane på nivå 3 og 4.</p> <p>Etter vår forståing er organisering av fagmiljø på nivå 4 og forholdet mellom nivå 3 og 4 eit punkt som er særdeles viktig for å sikre prinsippet: «Det er studentane sine faglege behov og kandidatproduksjon som er den primære rettesnora.» (s.28). Organiseringa av fagmiljøa både på campusnivå og campusovergripande nivå er etter vår meining ikkje eit saksområde som ein kan komme tilbake til <u>etter</u> at ein har fastsett prinsipp for nivå 3, men eit saksområde som er eit primært utgangspunkt for spørsmålet omkring kvalitet i profesjonsutdanningane.</p> <p>Rammer og premiss for fagleg organisering på campusnivå på nivå 4 handlar om den daglege drifta av primærverksemda til HVL: «bli best i å tilby framtidretta profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå og skal drive og utvikle ph.d.-program på sentrale fagområde.» (frå fusjonsplattformen).</p> <p>Det er etter vår meining ein svakheit med høyringa at det ikkje er ei utgreiing eller drøfting om prinsippet om institutt på campusovergripande nivå er det beste med tanke på utdanningskvalitet. Det kan om ein ikkje er forsiktig føre til byråkratisering og lite effektiv nytting av dei tilsette. Etter vår meining er utdanningskvalitet på campus heilt avhengig av at fagmiljø på campusnivå både samarbeider om utdanningar og har ei tett og nært fagleg samarbeid. Dette er spesielt viktig der fagmiljøa på campus er små og middels store. Å splitte eit fagmiljø på campusnivå opp i fleire institutt utan at gode strukturar for fagleg samarbeid og samarbeid inn mot dei ulike profesjonsutdanningane er sikra, da særleg på bachelornivå, vil kunne svekke utdanningskvaliteten. Dette vil vere å miste dei konkurransefortrinn me har i dag.</p> <p>Me er av den klare meining at utgreiinga er mangelfull ved at den ikkje er konkret med tanke på å skildre korleis forholdet mellom nivå 3 og nivå 4 skal organiserast. Organisering og koordinering mellom desse to nivåa har etter vår forståing ei rekke kritiske punkt med tanke på utdanningskvalitet for profesjonsutdanningane på bachelornivå. Derfor meiner me at fastsetting av nivå 3 må utsettast til ein har utgreidd modellar for nivå 4 i og med at forholdet mellom desse to nivåa er vesentlig med tanke på kvalitetssikring av utdanningskvalitet.</p>
Kap 5	Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov

	<p>I forhold til reint rektorat eller toppleiing med leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar, meiner me reint rektorat er den beste løysinga</p> <p>Prodekanane må ha eit tydeleg geografisk ansvar for nærregion, men kanskje i kombinasjon med anna strategisk leiing.</p> <p>Me meiner at prinsippa for leiing på nivå 3 ikkje er tydelege nok for vidare operasjonisering</p> <ul style="list-style-type: none">• Ei operasjonisering av desse prinsippa, utan at det er gjort ei utgreiing av kva konsekvensar desse prinsippa vil få, vil me åtvare mot. Det kan føre til uynskte konsekvensar som at ein for eksempel mister verdfulle trekk ved dagens institusjonar.• I staden for å starta med premiss så kan det vera eit poeng å starta med å sjå på terrenget før ein teiknar kartet. Då kan ein kanskje fanga opp verdfulle trekk som ein ynskjer å ta med seg vidare i HVL. <p>I forhold til råd og utval vil me understreke at LIR må bli eit viktig og felles råd i HVL og sikre aktivt likestillingsarbeid. Me meiner og at det bør vurderast instituttråd ved store institutt.</p> <p>Det er ein reell fare for større byråkratisering ved ein fusjon. Ein må unngå å tilsette ein underskog av underleiarar utan mynde. Avstand frå vanlege faglege tilsette opp til der avgjerder vert tekne vil sannsynlegvis bli større. Tilsette er uroa for om det i det heile er mogeleg å påverke eigen arbeidssituasjon med så mange leiarnivå. Det er og viktig med stadleg leiing med mynde på rett nivå. Strategisk leiing må fordelast nedover i organisasjonen og vere tilstade på kvar campus.</p> <p>Prorektor skal ha eit nærregionsfokus og ansvar for eit fagområde, i tillegg er det lagt vekt på at kvalifikasjonsprinsippet skal vere førande for tilsetting av prorektorar. Gjeld kvalifikasjonsprinsippet på regionsfokuset eller på fagområdet? Det er viktig at dette vert tydeleggjort.</p>
Andre merknader	<p>Avdelinga ser det som viktig at det blir tydeliggjort kva det vil seie at institusjonane blir flytta «på rot». Det må ikkje være rom for tolking kven dei tilsette skal halde seg til gjennom 2017. Det må og tydeleg presiserast kva forhold som skal være mellom den mellombelse dekanleiinga og dekan ved dei nye store einingane. Mellombels dekanar må ha driftsansvar i sine respektive einingar ut heile 2017. Nye dekanar frå 1.8.17 bør ha strategisk fokus på oppbygging av den nye organisasjonen og spesielt av nivå 4 frå 1.1.18. Det blir sett på som særskilt viktig å ei felles forståing av desse rollene på dei ulike campus.</p>